# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag 07/04



Boss By Bowling



Den Store Baby Festen



Hjelp, vi lager Film!

# Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Kor e snøen blitt av? Eg vil ha snø eg! Snø står allti høgt på ønskelistå mi for julatiå: alt bler så reint og fint, å så e d jo så ubeskriveligt koseligt å trava rondt i krame snø som knirke onna føtene når me går mens stjernene på himmelen lyse så fint. Å snøballkrig e jo kun festligt , og laga englar i snøen må eg heller kje glømma, d hørre jo og me t snøens beste sier. E akkurat som ein liten onge eg, lige d slig… Men, lure du på kaffor eg snakke om snøen? Bare vent litt så får du svaret.

For i dag vise kalenderen min at der e bare 21 dagar igjen te julaftå, og når eg tenke på dei tri vekene der så tenke eg fort på kakemenner, julapynt, julatre, gløgg, englar, julapresangar, mandariner, masse goe mat, julamusikk, fakkeltog, Tre nøtter til Askepott, graut, snø, ja rett og slett ein heile del koselige ting som varme hjerta mitt! Forventningane e allti store. Desember e ein goe måne. Så som du forstår så har eg masse eg forbinde jul me og som eg føle må ver på plass for at d e jul. Men, ser du ka eg har glømt? Eg har glømt å nevna d viktigaste, nemligt julå sitt glade budskap om et barn som blei født i ein stall, som Gud hadde store planar for. Navnet e Jesus, frelsaren og broren vår, som har kjøpt oss fri! Hadde kje Han blitt født, ja ka sko me stilt opp me då? D tør eg knapt tenka på… Sjøl om eg har mången ting på ønskelistå mi så håbe eg at d e Jesus som kjeme t å ha hovudplassen i tankane mine når julå nerme seg. D må me alle be om at me klare! Fant et fint bibelvers som eg vil dela me dokk, som står i Jesaja 9, 6-7:

*For eit barn er oss født,ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast: Underfull Rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste. Så skal herredømet verta stort og freden utan ende over Davids kongsstol og over riket hans. Han skal grunnfesta det og halda det oppe med rett og rettferd frå no og til evig tid. I sin brennhug skal Herren, Allhærs Gud, gjera dette.*

Her e der masse å gleda seg øve! For mången e julå ei travel ti men eg håbe at folk tar seg ti t å stilla opp på arrangementå våre denna månaden og! For desember har møje kjekt å by på, bare se på programme litt seinare i aviså. Ønske dokk alle ei velsigna goe jul og alt godt for d nya året! Be gjerna for Nyttårsfesten vår og alle arrangementå som ligge føre oss.

# Andakt

Av: Anita Ildstad Rørtveit

Ein andakt? Eg syns det e vanskeligt å få te slikt. Har allti vore enklare å skriva dikt når eg har någe eg vil sei. Derfor sette eg ner ett av diktå eg skreiv for månge år si. Det handle om ein Gud, vår Gud, så allti e med oss – gjennom alt. Eg har hatt tier kor eg bare vil gi han alt, andre stunder kor eg har vore så sinte og oppgitte på han der oppe at det føles så eg har lyst te å brøla. Men e det han så gjer at vonde ting skjer? Nei, men eg tenke av å te at han har jo krefter te å ordna opp, og det burde han. E eg den einaste så tenke slig? Nei, det trur eg isje. Gud, den Guden eg har blitt kjent med i Bibelen, vil at me ska komma te han med alt. Live e isje allti konge. Det vett han, og det trur eg e det så gjer at han tåle sutringå vår.. Han e der for oss uansett. Isje tenk at i dag føle eg isje der e någe å takka for, så eg ber isje. Fold hendene, og del dine tankar med han. Isje steng dørå den dagen. Han e der for deg, og vil bæra deg, leia deg gjennom alle dagar, sundag som måndag, sjøl om me isje alltid ser og forstår det før ittepå…

**Takk for følge.**

Herre, jeg har sett så mange tvile
Jeg har kjent på tvilen selv
Kjent hvordan den sliter i stykker
Skaper uro, og lengsel etter å tørre å stole

Herre, jeg har sett så mange gråte
Gråte over noen de har mistet
Jeg har kjent på smerten selv
Kjent hvordan den tærer og verker

Herre, jeg har sett så mange kjempe
Kjempe til kreftene har tatt slutt
Jeg har kjempet mange kamper selv
En kamp for å klare å løse opp det som stenger

Herre, jeg har sett så mange i ferd med å gi opp
Jeg har kjent på følelsen selv
Maktesløsheten og lengselen etter å komme i mål
Et mål som synes for vanskelig å nå

Herre, jeg har sett så mange redde mennesker
Redde, for de vet ikkje hva fremtiden vil bringe
Har kjent redselen selv
Kjent hvordan uroen brer seg i tankene.

Men Herre, gjennom tvil og sorg, kamp,
Maktesløshet og redsel har jeg kjent din nærhet
Du har løftet når vi har falt
Bært når vi ikkje kunne gå
Du har vært der blant oss – hele tiden
Di hand har trøstet, varmet og ledet.

I u-lage er organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag. Redaktør: Formann Marianne Ildstad. Layout: Henning Ildstad. Redaksjonsmedlemmer: Hovedstyret 2004-2005.
Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: **iulage@start.no**. Kontonummeret vårt er: **0530 43 21808**

# Lovsangskveld

30. oktober

Av: Kjell Morten Eggebø

**Denne kvelden var det klart for lovsong i kyrkja. Å i dette høvet vil eg ta opp et samtidsaktuelt tema. Temaet er hukommelse.**

Det syner seg nemleg at ungommen i dag slit me akkurat dette. Leiar i I u-lage Henning Ildstad har fått merka dette på kroppen i det siste. Han må nemleg jamnleg purra på folk som skal ta bilete eller skrive til avisa. Dette syns både han og meg at burde var unødvendig i desse nymoderne tider. Dei aller, aller fleste har mellom anna organiserar på mobilen, og alle veit jo at moderne ungdom ikkje går langt utan den! Underteikna trur at problemet ligg i det å bry seg, ungdom i dag bryr seg ikkje om å hugse ting. Dei reknar berre med at det ordnar seg like godt. Ein annan teori er at tidene har endra seg, kanskje har det no vorte slik at det er dei unge som kan unnskylde at dei er glømskne med alderen sin?

Eg vil uansett berre oppmode de føresette som evt les dette til å nemne dette til dykkar unge håpefulle, kanskje det ville hjelpe på utviklinga.

Til slutt vil eg nemne at eg syns å huske at lovsongskvelden var ein hyggjeleg kveld, med vakker song frå mellom anna The Bethels og eit jentekor, og at underteikna vart intervjua av Unni. Sidan eg heilt hadde gløymt ut å skrive om denne kvelden, og at kalenderen i skrivande stund syner 2.desember hugsar eg ikkje meir…

Men så er eg jo berre 17 år og…

# Kaffi kveld

6. november







Av: Camilla Mjølsnes

**Lørdag 6 november va ein ganske interessant kvell. De va for eksempel bygdakvell i Fleirbrugshallen. Men den ska kje eg sei så møje om. For de va nemlig Stikk-Innom åg.**

Å der va eg ansvar:) Eg va vel egentligt aleina, men Hanna å Marie kan vel kallas medansvarlige. Eg trur me va ca. 20 stykker tesamen, men store deler av kvelden va me bare 5-7. Onna andakten, for eksempel. De va ein ganske fine andakt, av Arne Nordbø. Arne e ein løyen mann, å han hadde store ønsker om å bli nevnt ein del i dette stykket. Han kom tidlig, å drakk ein heile del kaffi. Så han va ganske opplagte onna andakten. Har du tenkt øve de, at når du ber, så vett Gud allerede ka du ska be om? Så me trenge kje be for å "vekka" Gud, men for å åpna for Han når Han banke på sjå oss. Å de e jo litt gudd å tenka på! At Han har lyst å ausa alt de goa innpå oss, men at Han ligavel ikkje slår inn dørå. De e opp te oss å åpna å sleppa an inn! Dette hadde jaffal Arne tenkt litt på. Åsså lerte me ein nye sang. Ska kje påstå at me lyfta tage, men me tanke på at me va 5 stk, så vil eg sei me gjorde ein goe innsats.

Ja, de va forresten ein del kaffidrikking denne kvellen. For eg hadde fonne sånn rett-i-koppen Cappucino (eller någe lignandes) i et av skabå. Eg forstår kje heilt kaffor di drakk så møje, for an va ikkje go…

Litt udpå kvellen fekk me konsert av Erling å Lars. Kjempefint. Gje di ein mikrofon, så har du de gåande.. Jaffal viss di har drukke masse kaffi fysst:) Så de va jo strålandes! Sånn ellers koste me oss i lag, å itte ei fine bønnestonn va Stikk-Innom kvellen øve. Di fleste jekk kvar te sitt, mens eg å Hanna gjekk te Marie å åd Firkløver. Men de e ein aen historie.

# Den store baby Festen

## 13. november





Av: Guri Vignes

**Lørdag 13. november va d klart for Den Store Baby Festen. Dette sko bli ein kjekke kvell!**

Dørene åpna i hall 9 tiå, då va dr lide folk. Mn då klokkå nærma seg 9 va dr jo kommt ein del. Utkledningå denne kvellen va vel ganske laber. Ein del tuttar svirra ronnt, mn udenom Serina og Terje va dr vel omtrent ingen. Me starta kvellen me samlingstonn me Brit. Hu hadde me seg fannelograf ifrå søndagsskulen. Temaet denne kvellen va ”Jesus og barna”. Takk for ein fine andakt. Me song og barnasongar. Itte dette va d klart for lekar!! Me oppvarmte me Bro, bro brille. Hadde lille Willy, Ballongleken, stolleken å masse andre.




Me hadde og kappdrikking med tåteflaske og bleieskift. Her fekk me opp Anders og Kjell Morten, dei fekk på seg briller sånn at d sko bli litt vanskeligare.. Ka seie du Marianne, e du fornøyd?!?! Ikkje heilt kanskje ;) Me fekk og 2 sketsjar!!

Etter ei stonn med lekar va d ti for mat! Pølser i brød. Nam, nam! :) Me hadde og geletog og masse kaker!! Itte pausen fekk me ein sketsj av Lars R og Kjell Morten, den berømte ”ulv, ulv” :) Trur folk koste seg ganske møje alt i alt… Itte masse vasking konne endelig eg og Liv Elise gå heim..

Va kjekt å arrangera :) Dette kan me gått ha ijenn…





# Jesus, gutten min

## 23. november



Av: Kjell Morten Eggebø

**Denne tirsdagen var det klart for ei ny oppsetjing av Jesus, Gutten min i Hesby kyrkje. Nok ein gong var det Cecilie (tidlegare) Ladstein og mannen hennar som var initiativ takarar for at stykket sko verta spela på Finnøy att.**

Det som er rart er at ungsdomslaget aldri blei informert om denne framsyninga, formann og nestformann visste nemleg ikkje om framsyninga før et par dagar i forvegen, då formannsmora nemnte at ho hadde fått ein mail om dette. Og det som berre er skandale er at Øyposten NOK EIN GONG ikkje "hugsa" å få me annonsa som ansvarlege hadde sendt inn. Formann Marianne Ildstad påpeiker at dette heller ikkje er eit ukjent problem for Ungdomslaget ho har uttallige gonger opplevd at det som vert skrive (viss det vert med) i Øyposten ikkje stemmer med det ho har sagt/skrive/diktert for annonse ansvarleg.



Som de kanskje forstår så vart ikkje Jesus Gutten min nokon publikums suksess denne gongen heller. Nestformann talde 14 personar inklusive Svein Harry (Josef) sjølv.

Så kan de diskutera innbyrdes kven som har ansvaret, og om det kanskje berre er Finnøy folket som er treige, for det hang plakat på Judaberg.

For øvrig var forestillinga like bra som sist gong og Svein Harry imponerte dei få oppmøtte. Så no er det ca 15013 personar som har sett stykket.

# Skilt ved Fødselen




**Gullars**



**Flylars**

*Innsendt av Øystein Bergøy*

# Hjelp, vi lager film!

27. november



Av: Lars Vangen

**Laurdag 27. November var det nok ein gong klart for filmkveld, ein av kveldane som er i ferd med å bli tradisjon. Rundt tretti påmeldte filmklare ungdommar var møtt opp på dette arrangementet leia av Hanne Vastveit.**

Du som trur at me denne kvelden samlast rundt fjernsynet for å sjå ein eller annan amerikansk spennings film, eller ein film med skodespelarar som Leonardo Di Caprio og liknande, tek heilt feil. For dette er mykje betre. Dette er sjølve "Finnøywood" i fri utfolding.

I løpet av denne kvelden så skulle dei oppmøtte delas inn i grupper for så å få delt ut ei lista med utvalte ord og gjenstandar i tilegg til eit kamera. Så bar det ut i haustmørket for å lage film. For utan desse orda og gjenstandane så stod gruppene heilt fritt, noko som gav svært ulike resultat. Eg for min del hamna i havgapet denne kalde haustnatta, i håp om at gruppa vår skulle vinne for beste film. Nokre filmar handla om supre forretningsidear og mobbing, medan andre igjen hadde svært høg rånefaktor. Nokon kjørte på vegen då ein skulle ut å filme, medan andre enda med bilen fastlåst på plasser ein ikkje pleier finna bilar. Det var med andre ord svært ulike resultat. Lengda på filmane varierte stort, dei fleste gruppene hadde filmar på 2-5 minutt, men det var og grupper ein skulle tru ikkje var klar over kvar stopp knappen var, og enda med ein lengde på rundt 15 minutt. Alle filmane var uredigerte då dei blei viste, og premiar venta på den beste filmen. Gruppa som vant for beste film var gruppa i bilen hans Henning, denne gruppa bestod av; Alice Vestbø, Bodil Nordbø, Daniel Rosland, Einar Nordbø, Magne Eggebø, Kjartan Eggebø og meg sjølve. Ein kunne sjå på filmane at me er på den mørke tida av året, men kva gjer vel det når alle er nøgde lell. Nok ein vellukka filmkveld med mykje lått og løye og morosame kortfilmar. Og ein skal ikkje sjå bort i frå at ein på desse filmane finn den neste Mel Gibson eller Julia Roberts!







# Buss By Bowling

4. desember

Av: Marianne Ildstad

**Så var det nok ein gong klart for busskjøring til byen for å bowla, arrangementet som alltid vert ein suksess!**

Denne gongen var det 67 ungdommar som forlèt sin kjære heimstad for å "menga" seg med bebuarar frå andre fjerne strøk, rettare sagt siddisane. Vår trufaste bussjåfør Øyvind, samt fire bilar måtte trø til for at alle skulle nå målet som var Metro Bowling, Maiero. Spente og oppglødde entra Finnøy ungdommen den fabelaktige bowlinghallen der alt kunne skje, med eit inderleg håp om å vinna kveldens "turne". Dette gjaldt nærast alle, forutan underskrivne som enno ikkje ser det heilt store i denne sporten, same kor mykje Lars Reilstad skryt av denne oppfinninga kor det gjeld å få ned flest mogleg kjeglar. Grunna denne unge mannen sin store begeistring, vart denne uerfarne jenta, som knapt nok har rørt ei bowlingkula, tvungen til å spela. Protestar og forsikringar om at eg ikkje ville spela hjalp ikkje, så eg måtte på med dei fælselege bowling skorne, og hoppa i det, men akk nei, sjølv ikkje denne gongen vart begeistringa stor! Eit kast var nok og eg la opp. Sport held eg meg for god til! Heldigvis er Lars såpass gentleman slik at han betalte for meg, så heilt bortkasta var det ikkje, for min del. Litt verre var det for Lars. Du er ein god mann, kjære venn!
Utanom denne litt trasige situasjonen (kun for min eigen del, vel grunna angst og eigen staskap) så var dette ein svært så gjev kveld der fleirtalet såg ut til å kosa seg og nyta tilværingen. Litt verre var det med jenta i "resepsjonen" som ikkje hadde fått med seg at me skulle eta på plassen. Dette førte då til at dette vart, mest sannsynleg, ein av hennar mest travle arbeidsdagar. Heldigvis er ungdommen frå Finnøy vel fostra og veit at ting (kan) tar tid, og venta i tolmod så godt så det let seg gjera. Då alle var mette av både mat og bowling byte dei aller fleste tilbake til



våre eigne skor. Unntaket var Kjartan Eggebø som i all hast gløymte dette. Men slikt lar seg ordna og me køyrde av stad for å nå siste ferja heim. Pålitelege kjelder fortel at bedehussongar vart sungne om bord i bussen av unge lovande songtalent, ikkje til like stor glede for alle men…



Eit lite tips: ver tidleg ute med å melda deg på arrangementa våre, så slepp du å verta heima ilag med mor og far i plassen for å ver der det skjer!
Eg gler meg til neste bytur med bussen eg, til våren igjen!
Livet er ein god plass å vera og enden endå betre! Kjekt å hugsa på!
Nana! Marianne



## Kommande arrangement

**11.12 Førjulshygge**

**18.12 Vi syng jula inn i kyrkja. Fakkeltog og riskremfest på Emmaus etterpå.**

**23.12 Litla julaftåsamling**

**26.12 2. dagsfest**

**31.12 Nyttårsfest i hallen**

LITT OM ALLE DESSA KJEKKE, TRIVELIGE OG KOSELIGE ARRANGEMENTÅ:

**Førjulshygge:**
Pynting av julatre, julamusikk, baking av pepperkaker og kakemenner, gløgg, julapynt produsering, andakt… masse kos!

**Vi syng jula inn:**
Song song og atter song. Julasongar vel og merka! Fantastisk øyeblikk som du kje må gå glipp av! Då e d (meste) jul

**Fakkeltog og riskremfest:**
Når Vi syng jula inn har nådd sin ende: kje stikk av! For då samle alle unge og spreke seg i tog og kjøpe fakklar før di marsjere ner t Emmaus me song og lått rondt seg. Vel framme på Emmaus står bordene oppdekka og klare t riskrem eting, underholdning, song og vitnesbyrd og masse gøyale ting.

**2 dagsfest:**
Nå e d på tide å møta folk igjen og dela julås gleder me kvarandre mens me nyte julakaker, går rundt julatreet, dele vitnesbyrd me kvarandre og leke oss.

**Nyttår:**
Kvellen der du uten tvil må ver me ungsomslaget! For her ska d feirast, i Fleirbrukshallen! D bler saker: goe mat, morsom underholdning, lått og løye, vitnesbryd, songinnslag, eget lovsongsteam som spele, damenes og herrenes tale , midnattsgudsteneste i kyrkjå, rakettar, kaker og frukt ++ KUN kjekt! Meld deg på t Marianne: 97090563 innen 26.desember!

½ nytt

# Åpen Hall

## 12. november



Av: Bodil Nordbø

**Basketproffane!**

D va bestilt 2 proffe basketball fålk t åben hall fredag 12.nov. Begge va udenlandske å såg du t å ha greia på d di hålt på me… Han eine sa: -Good, very good.. Og han andre: -Bda, veldi bda.. Eg tror di flesste så va me på d lerte ein del om spele, å go trim va d og..



# Nattcup

## 26. november



Av: Øystein Bergøy

**Det var bra oppmøte i hallen under nattcupen. 8 lag med spelarar av ymse kjønn og dugleikar var parate til å sparka den berømte gummi- og plastproduktkula.**

Slike arrangement plar jo som kjent å ha sine eigne særmerkte reglar, og denne var ikkje noko unntak. To av dei reglane var at det skulle vere 2 av kvart kjønn på banen til ei kvar tid (5 spelarar totalt) og at dei laga som hadde lågare gjennomsnittsalder enn motstandarlaget fekk eit bonusmål for kvart år som skilde dei to gjennomsnittsalderane (maks 3).

For alle innbitte finnøynasjonalistar kom som eit kraftig slag i fjeset at vinnarlaget var besudla med sjernarøykvelpar blant dei stolte døtrene og sønene av Ogmund Finnson og hans høgreiste folk/For alle integreringsglade utanøysvenlege finnøybuar og pengesparar i kommunen kom det som ei stor glede at vinnarlaget var eit brubyggjingslag med representantar frå både frå lakseøyane og tomatøya. (Stryk over det som ikkje passar for deg).

Kvelden blei for min del ein utilfredsstillande affære. Eg og mitt *Andy Pandy and the legendary legbreakers* (Anders Trahaug var spelande lagleiar) hadde imponerande 8-1 i målforskjell. Allikevel gjekk me ikkje vidare pga bonusmåla til motstandarane våre. Sånn er livet.

No som denne artikkelen går mot slutten får eg vel skrive nokre standardfrasar som: "Alle hadde det kjekt og dette såg for underteikna ut for å vere ein vellukka kveld/natt." og "Arrangementet slutta i halv tre - tre tida, og folk gjekk heim varme i hjarta og glade."

Kopiert hjå:
BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg! NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!